



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSJERRIGPER OG HØGSKOLEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

Finn ordforklaringa i teksten

Undervisningsopplegg til artikkelen «La humla suse»
i Nysgjerrigper nr. 3-2016

Ei utfordring med å forstå fagtekstar er dei mange fagorda. Vi skil gjerne mellom generelle og spesifikke fagord. Dei *generelle fagorda* er vanlege i mange sakprosatetekstar og er ikkje knytte til berre eitt fagområde. I artikkelen finn vi til dømes ord som *dyrke*, *art* og *matproduksjon*. Desse orda reknar ein gjerne med er kjende, fordi dei blir nytta i ulike samanhengar. Men det er ofte desse orda som skapar problem for elevane, og som er nyttige å lære seg. Som lærar bør du vere merksam på dei generelle fagorda, stoppe opp og høyre om elevane kan forklare dei. Dette gjeld særleg om dei er viktige i samanhengen.

Her skal vi sjå nærare på dei *spesifikke fagorda* som gjerne er knytte til eit spesielt fagfelt. Desse orda reknar ein ikkje med må vere kjende, og difor blir dei stundom forklarte i teksten. I artikkelen finn vi ord som *pollinering* med ei forklaring rett etter: *altså korleis humler spreier pollenkorn slik at blomane blir befrukta og dannar frø*. Denne sakteksten forklarar ofte orda, og eignar seg difor for elevar som skal trene på å finne forklaringa i teksten.

Vis for elevane korleis dei kan finne ordet *pollinering* og så leite etter forklaringa i teksten. Som oftast står forklaringa i setninga rett etter, eller litt før ordet. Om dei blir vande med å leite etter forklaringa i teksten, anten direkte eller på grunn av samanhengen, blir lesinga lettare, og dei treng ikkje spørje læraren så ofte eller slå opp i ei ordbok. Gode fagtekstar gir ofte denne støtta til ordforståing gjennom konteksten.

La gjerne elevane løyse oppgåve 1 – Teikn ei humle – før dei får oppgåvearket og kan sjå bildet av humla.



Om Nysgjerrigper og Lesekroken

Nysgjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevar og lærarar på 1.–7. steg. Vitskapsmagasinet Nysgjerrigper, nettstaden nysgjerrigper.no, konkurransen Årets Nysgjerrigper og ulike lærartilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på nysgjerrigper.no

Med Lesekroken gir Nysgjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompetansen i alle fag hos elevane. Les meir på nysgjerrigper.no/lesekroken





Av Tuva Bjørkvold



Oppgaver til «La humla suse»



1. Teikn ei humle

Teikn ei humle i naturleg storleik.

- a) Kor stor trur du humla skal vere?
- b) Kva for fargar har humla?
- c) Kor mange bein og venger trur du humla har?

2. Finn forklaringa i teksten

Orda under er forklarte i artikkelen. Skriv opp forklaringa du finn på følgjande ord.

Eksempel: *pollinering* – altså korleis humler spreier pollenkorn slik at blomane blir befrukta og dannar frø

- a) varmblodig –
- b) overvintrar –
- c) bol –
- d) norske blomar –
- e) humlene –

3. Detektivlesing

- a) Kor mange bein har humler?
- b) Kvifor treng humlene hjelp frå menneska no?
- c) Kvifor er pollinering livsviktig for menneska?

Naturens hjelpear – humlene – er i fare. Det blir færre og færre av dei. Men du og eg kan hjelpe. Vi kan gi humlene både mat og husrom.

TEKST: TRINE LEE GJESDAL

Når skogane grov igjen og bøndene stort sett dyrkar korn, minskar det på blomane. Er ein i tillegg ei lita byhumle, er det sannleg ikkje enkelt å finne ein grei stad å bu. Ei som vert kor tett det er å vere humle i dag, og søn gjerne vil hjelpe det, er Ingvild Foss. Ho er biologistudent ved Universitetet i Oslo. Ingvild studerer humler og pollinering – altså korleis humler spreier pollenkorn slik at blomane blir befrukta og dannar frø. Humlene gjer nemlig ein livsviktig jobb for matproduksjonen i heile verda.

Humlemat
Gjennom foringa «La humla suse» jobbar Ingvild osman med mange humlevener for å spreie informasjon om humlene, slik at vi menneske kan gjeve litt enklare for dei små og labor-hjelpane våre. Noe sommar arrangerer dei humlevendringar i Botanisk hage i hovudstaden. Her kan kven som helst vere med på å studere humler og lære korleis ei flykende humle ber ta dei.

Dyrkar blomar
– Det er så enkelt som at vi dyrkar blomar som humlene er glade i, noko vi til og med kan gjeve på balkongen. Og

vi bør helst dyrke norske plantar, sidan norske humler er vane med norske blomar – blomar som har mykje nektar og pollen for ei vollen humle. Ein anna god råd er å dyrke plantar som blomstrar på forskjellige tider, slik at humlene kan ete nektar gjennom heile sommaren, fortel Ingvild.

Trivi i musebol
Like viktig som mat er det at humlene har ein god stad å bu. Humlene trivs i gamle musebol. Det er ikkje uvanleg at humler huktar seg fram til gamle bol der mus har budd. Om det bur mus der enno, kan det vere så frekke at dei jager bort musene. Grunnen til at humlene trivs her, er at musebol isolerer godt. Vill du òg hjelpe det med bustad, kan du lage humlekassar som liknar på musebol.

Oppsett på humlebol
Ingvild fortel at kassane bør fyllast med materiale som liknar materiala i musebol. Ein godt humlebol består av tre lag – Heilt lyst kan du leggje heilt vanleg tørt gras. Nestle lag skal også bestå av tørt gras, men det bør vere mjukt og utan snå. Heilt inne kan du ha silkesjule hår – som underpelesen frå hundene eller katten din, eller frå eit anna dyr. Og heilt til slutt bør humlekassen lukte av mus. Har du noko som luktar mus, kan du bruke det som lukkemiddel, fortel Ingvild.

Mjukt og tørt gras utan strå

Lag eit humlebol

Tørt gras

Hår frå hund eller katt eller pels frå eit anna dyr

Utrulege humlelofakta

- Det finst over 400 humleartar i verda, 35 av dei bur i Noreg.
- Humla er vevnleg, og det er berre hoene som har stikkbrodd og kan stikke. Men ho stikk berre om ho føler seg trua.
- Humla er varmblodig. Det vil seie at ho styrer sin eigen kroppstemperatur.
- Eigenleg er humla for stor og tykk til å kunne flyge med dei små vengene sine. Men sidan ho bevegar vengene sine som eit åttelår, fungerer det som små propellar.
- Humlene overvintrar djøkke slik som bommingløne. Dei dør når det blir for kaldt, bortsett frå des befrukta dronninga. Ho finn seg ein stad å sove dei tre gjennom vinteren.

